

ÅRSMELDING



Høgskulen i Volda

Boks 500 6101 Volda

Tlf. 70 07 50 00 Faks: 70 07 50 51 www.hivolda.no

Rektor	s. 3
Høgskuledirektøren	s. 4
Avdeling for humanistiske fag	s. 5
Avdeling for lærarutdanning	s. 6
Avdeling for mediefag	s. 7
Avdeling for samfunnsfag	s. 8
Undervisning og opptak	s. 9
Etter- og vidareutdanning	s. 10
Biblioteket	s. 11
Kommentarar til rekneskapen	s. 12
Rekneskapen 1999	s. 13

På symbolplanet markerte året 1999 ein overgang. Vi gjekk inn i eit nytt tiår, eit nytt hundreår og eit nytt tusenår. Eit slikt tidsskifte utløyser diskusjonar om endring og utviklingslinjer. Kva krav stiller det nye tiåret eller hundreåret. Denne diskusjonen blei også bli ført med stort trykk innanfor høgre utdanning. Fleire forhold gav næring til denne debatten. Det galdt m.a. diskusjonen om kompetansereforma, Mjøs-utvalet sitt arbeid, utviklinga i studentrekrutteringa, diskusjonen om institusjonsstrukturen og evalueringa av knutepunkta. Vi har hatt ei periode med store endringar i høgskulesektoren, men det er ingen grunn til å tru at vi går ei rolegare periode i møte. Omstilling har blitt eit løysingsord for dei fleste problem i dagens arbeidsliv, også utfordringane i høgre utdanning. Den som har evne til omstilling vil greie seg. Departementet krev omstilling, politikarar, arbeidsgjevarar og studentar krev omstilling.

Også vi har tatt signala om omstilling, og har i år gjort mange disposisjonar for å møte den forventanta nedgangen i søkinga til nokre av utdanningane våre. Den viktigaste utfordringa for høgskulen er å utvikle attraktive studietilbod som møter viktige samfunnsbehov, og framleis gjer Volda til ein studiestad som er attraktiv for nye studentar.

Fagtilboda ved HVO ligg innanfor område som i særleg grad har merka nedgangen. I 1999 var alle avdelingane opptatt av å møte desse problema i førekant. Det har blitt sett inn fleire tiltak for å kompensere for nedgangen i søkartala. Vi har auka opptakstala på utdanningar med god søking, og vi har sett i gang nye tilbod som har møtt stor interesse blant søkjarar, som mediekunnskap og IT- for lærarar. Vi har også lyst ut fleire av grunnutdanningane våre som deltid- og desentraliserte tilbod.

Studietilbodet ved høgskulen er i hovudsak på grunnutdanningsnivå. Det har vore ei målsetting å utvikle studietilbod også på hovudfagsnivå på nokre område der vi har særleg sterke fagmiljø og forskingsverksemd med tyngde. I 1999 blei det oppretta to slike tilbod. I samarbeid med NTNU blei det i 1999 sett i gang hovudfag i spesialpedagogikk ved HVO. Studentane får all undervisning og rettleiing i Volda. Tilbodet er støtta av Statens Utdanningskontor, som har sett eit stort behov for kompetanseheving innanfor PP-tenesta. Det viser seg at dei fleste av studentane kjem frå denne sektoren, og det var svært god søking til studiet. Då KUF hausten 1998 inviterte til å søke om å få utprøve mastergradsutdanningar, søkte HVO om å få opprette eit mastergradsutdanning i samfunnsplanlegging. Søknaden blei godkjent, og utdanninga blei sett i gang

hausten 1999. Det har vore stor interesse også for dette nye tilbodet.

Kurs, etter- og vidareutdanningsverksemda blir stadig viktigare i høgskulens totale engasjement. Det siste året har det vore arbeid med fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid, for å styrke motivasjonen og prioriteringa av etter- og vidareutdanning. Vi tar sikte på å utvikle nye tilbod, og i sterkare grad ta i bruk ulike modellar for kombinerte studium og fjernundervisning og IT-teknologi. I 1999 blei det sett i gang fleire reine nettbaserte tilbod, og det blir arbeid med å heve kompetansen med sikte på større aktivitet på dette feltet.

Gjennom desse tiltaka har Høgskulen tilpassa seg ein endra marknad for utdanning, og dokumentert at vi har både vilje og evne til omstilling, og vi registrerer at tiltaka har hatt effekt. I 1999 hadde høgskulen eit studenttal som var høgre enn åra før, og oppfylte måltalskravet. Med tanke på at søkartala gjekk sterkt ned også i 1999, vurderer vi dette som eit positivt resultat, som vi kan bygge vidare på. Men i dette arbeidet kan vi ikkje berre legge marknadsvurderingar til grunn. Høgskulen i Volda er ein kunnskapsinstitusjon med sterk forankring i faglege tradisjonar der dannelsesperspektivet står sentralt. Vi meiner det er viktig å ta dette perspektivet på alvor i ein situasjon der verdien av høgre utdanning så sterkt blir knytt til økonomisk utvikling. Nytteperspektivet må ikkje einseitig bli tolka som marknadstilpassing.

Gunnar Stave
rektor



Også dette året har vore ei hektisk og utviklende periode for Høgskulen i Volda, og vi markerer oss godt i høgskulelandskapet på nasjonal basis. Det nye Berte Kanutte-huset, som vi flytta inn i hausten 1998, fungerer godt og fører til at vi fysisk har blitt samla til ein høgskule. Eg trur også dette verkar slik at vi også fagleg og administrativt blir meir samansveisa.

Administrasjonen har vore hardt pressa også dette året, og særleg kan vi her nemne det svært omfattande rapporteringa som vi er pålagde frå sentralt hald. Dette er arbeidsoppgåver som er i ferd med å belaste oss så mykje at det går ut over vår kapasitet som service- og støtteorganisasjon i høgskulen. Det er ille at konsekvensen av såkalla auka fridom er så omfattande krav om dokumentasjon, rapportering og statistikk at vi av og til ynskjer oss attende til meir direktestyring som i tidlegare tider. Dette er problemstillingar som må løftast opp på høgare nivå.

Høgskulen i Volda har, etter stor innsats frå oss alle, særleg økonomi- og personalkontora, fått på plass ei god økonomiforvaltning og økonomistyring, og har ein velordna økonomi. Trass i altfor stramme rammer greier vi å halde budsjetta. Det er klart at så streng styring har sine sider, men likevel er det viktig at vi har orden på dette.

Elles har året vore prega av fleire store saker som også har kravd stor administrativ innsats:

Vi har fått på plass ei norm for fordeling av arbeidstid i ulike stillingskategoriar, dvs fordeling på undervisning, FoU, administrasjon og fagleg fornying. For professor/dosent er det også sett av tid til forskingsrettleiing. Vi har delt fag-

stillingane i fire kategoriar - professor/dosent, førstestillingar, høgskulelektor/amanuensis og høgskulelærer.

Det er også sett fokus på internasjonalisering dette året, m.a. har vi hatt eit stort styreseminar for å legge strategiar. Det er klart at HVO må setje inn auka ressursar i dette arbeidet, og vi tek sikte på at dette skal vise igjen allereide i neste års budsjett.

Eit omfattande arbeid med ny budsjettmodell nådde ein førebels milepæl dette året, og styret vedtok den nye modellen mot slutten av året. Denne modellen vil gjere budsjettarbeidet meir gjennomsynleg og forutsigbart. Sjølv om ikkje alle er samde i modellen si oppbygging og element, så vil den vere eit godt utgangspunkt for vidare arbeid.

Dette året har vi også fått utarbeidd og vedteken ny strategiplan for høgskulen, og det har vore ein omfattande prosess med stort engasjement frå mange. Eg meiner vi har fått ein god plan som gjer det lettare for oss i administrasjonen å utgreie store saker av strategisk art, og som gjev gode overordna styringssignalar.

Også dette året har samarbeidet mellom oss på arbeidsgjevarsida og fagorganisasjonane vore godt, og eg synest at arbeidet har vore prega av gjensidig forståing og felksibilitet. Dei årlege lokale lønnsforhandlingane har funne sitt system og dei går føre seg på ein sakleg og verdig måte.

Til slutt vil eg, også i år, takke alle, både fagtilsette og administrativt tilsette, for godt og konstruktivt samarbeid i året som har gått, og ser fram til komande år med spenning og forventning.



Jan Driveklepp
høgskuledirektør

Avdeling for humanistiske fag

Undervisning og studentar

Avdeling for humanistiske fag (AHF) omfattar fagutdanningar i språk, litteratur og historie, og er organisatorisk inndelt i grunneiningane Engelsk institutt, Historisk institutt, Nordisk institutt og Tysk institutt.

Faglege fellesnemnarar i AHF finn ein i tema som lingvistik, litteraturvitskap, framand-språkopplæring og koplinga mellom språk- og litteraturhistorie og regional historie. Avdelinga har 30 tilsette og nærare 500 studentar, og ein del av undervisninga er ved lærarutdanninga ved HVO (engelsk og norsk). I tillegg til den ordinære undervisninga deltek AHF-tilsette i kurs-, etter- og vidareutdanningsverksemd.

Fagutdanningane i engelsk, historie, norsk og tysk er på universitetsnivå, og ein tilbyr også mellomfag og storfagstillegg i nordisk og historie. Mellomfagstillegg i tysk er også godkjent, men førebels ikkje starta opp.

Årsstudiet Norsk språk og samfunnskunnskap for utanlandske studentar gir grunnlag for vidare studium ved norske høgskular og universitet. Nordisk institutt starta i 1999 opp eit nytt 20 vekttalsstudium, mediekunnskap årseining, eit tverrfagleg studium som kan inngå både i 4. året i lærarutdanninga, som del av cand.mag.-grad, eller som vidareutdanning for lærarar. Studiet involverer fagtilsette både frå AHF og frå Avdeling for lærarutdanning og Avdeling for mediefag ved HVO, og har fått god studentrespons. Elles har modulisering og utvikling av nettbaserte tilbod stått i fokus i 1999, og spesielt Historisk institutt er komne langt her, med eit 5-vektalstilbod i «Edb og lokalhistorie» lagt ut på internettet frå og med hausten 1999.

Forskning og fagutvikling

Fagpersonalet ved AHF deltek i FoU-samarbeid med universitet, forskingsinstitusjonar og andre høgskular, både i inn- og utland. Avdelinga har høg kompetanse m.a. innanfor nynorskforsking (språk, litteratur og kultur), og fagtilsette har delteke i oppbygginga av Ivar Aasen-instituttet, som er tildelt knutepunkt-funksjonen for nynorsk skriftkultur innanfor Noregsnettet. Fleire ved avdelinga har gjennomført eller er i ferd med å gjennomføre doktorgradsprogram. Elles er tilsette ved AHF engasjerte i nasjonale faglege fora, fagråd, forskingsråd, konferansar, utgreiingsutval, m.m.

Engelsk institutt

Tilsette ved Engelsk institutt (5 tilsette) har dei siste åra m.a. utarbeidd lærebøker og undervisningsopplegg for grunnskulen. Eit anna FoU-prosjekt har vore bruk av litteratur i engelskundervisninga i grunnskulen. Det har også vore utført fleire konsulentoppdrag for

forlag, i tillegg til oversetjingsoppdrag både internt og eksternt.

Historisk institutt

Alle tilsette ved Historisk institutt (5 tilsette) har drive aktiv forskings- og publisering- verksemd i 1999, m.a. med prosjekta: lærebok «Norsk historie 1860-1914» (nyutgåve hausten 1999), bygdebøker for Volda, regionsoge for Nord- og Midhordland (avslutta i 1999), eit prosjekt om kultur, økonomi og region bygdebøker for Sula og for Lom, utvikling av undervisningsmaterieill om EDB i historiefaget

Nordisk institutt

Nordisk institutt (14 tilsette) deltek i nordisk samarbeid med høgskular i Danmark og Sverige om lærarutdanning gjennom NORDPLUS. Av konkrete FoU-prosjekt kan nemnast: innsamling og registrering av regionalt kjeldemateriale, publisering av uprenta Ivar Aasen-materiale, nyutgåver av Aasens ordbøker, populærkultur/-litteratur, arbeid med nordisk kvinnelitteraturhistorie, og andre litterære studiar. To doktorgradsarbeid vart fullførte i 1999: «Frihetens dilemma. Ibsen med Lacan» og «Morsmålsfagets normtekster. Et skolefag blir til – norskfaget mellom tradisjon og politikk». Doktorgradsarbeid i gang: m.a. om Dag Solstad, analyse av Vesaas: «Is-slottet» og om Ivar Aasens fonologiske metode.

Tysk institutt

Tysk institutt (3 tilsette) har utvikla fleire internasjonale faglege kontaktar. Det vert arbeidd med eit doktorgradsprosjekt om samanhengen mellom ordstruktur og ordninga av hjernens ordlager, vidare med lærebøker, tysk samtids-historie og doktorgradsprosjekt om Günter Grass' prosaverk.

Vitskapelege arbeid siste 3 åra

Kategori	1999	1998	1997
Forskningsrapport	27	56	39
Bøker – nordisk/internasjonalt	17	15	17
Artikkel – nordisk	33	17	10
Artikkel – intern.	3	3	5


Formidling og samfunnskontakt

AHF har knytt kontaktar og etablert samarbeid med andre utdanningsinstitusjonar og med ulike offentlege organ og ideelle organisasjonar. Fleire av dei tilsette deltek i formidlingsarbeid med m.a. foredrag og konsulentverksemd, med å stille til rådvalde kjeldemateriale og ved å delta

som ressurspersonar i ulike lag og stiftingar. Institutta ved AHF har i 1999 arrangert fleire opne seminar og forelesingar. Norskstudiet for utanlandske studentar (NUS) har gitt mange kontaktar med utanlandske universitet og høgskular

Satsingsområde

AHF vil halde fram med utvikling av moduliserde og nettbaserte studietilbod, i tillegg til sterkare satsing på kurs- etter- og vidareutdanning. Når det gjeld desentraliserte tilbod, vil ein vidareføre norsk grunnfag i Nordfjord og starte opp norsk grunnfag i Ålesund. Til slutt kan nemnast AHF-tilsette underviser ved allmennlærer- og førskulelærerutdanning i Kristiansund, både ved ordinære studium og deltidsbaserte tilbod.



Avdeling for lærerutdanning

Undervisning og studentar

Lærerutdanningane i Volda er prega av eit breitt fagtilbod, der eit omfattande tilbod innan praktisk-estetiske fag er eit særmerke. Til dømes kan nemnast at Høgskulen i Volda har eige kor, brassband og symfoniorkester (det einaste ved ein høgskule i landet), og desse har sin base både når det gjeld leing og deltaking i Avdeling for lærerutdanning.

I 1999 hadde avdelinga følgjande fagseksjonar: drama, forming, kroppsoving, matematikk, musikk, naturfag, pedagogikk og samfunnsfag. ALU hadde 59,5 faglege stillingar og ein administrasjon med kontorsjef og tre første-konsulentar. I tillegg hadde ALU tre sekretærar i halve stillingar (ekspedisjon, praksis FU og praksis AU). Avdelinga hadde dekanus i full stilling og prodekanus utan still.reduksjon. Studieleiarfunksjonen for allmennlærer- og førskulelærerutdanningane vart oppretthalden, kvar i 50% stilling for å sikre samanheng og heilskap i desse profesjonsutdanningane. Praktisk-pedagogisk utdanning fekk studieleiar i 1/4 stilling. Tildelt ALU-budsjett i 1999 var kr. 29,2 mill kr.

ALU hadde i 1999 eit variert og godt studietilbod for grunnutdanningane samstundes som

fag - og vidareutdanningskapasiteten vart oppretthalden. Avdelinga hadde følgjande profesjonsretta studietilbod: 4-årig allmennlærerutdanning (ca.120 studentar pr. årssteg), 3-årig førskulelærerutdanning (ca. 60 studentar på første årssteg, ca 90 på andre og ca. 110 på tredje årssteg), førskulelærerutdanning på deltid i Volda (38 studentar på første årssteg) og 1-årig praktisk-pedagogisk utdanning (ca. 40 studentar). I tillegg hadde avdelinga følgjande profesjonsretta studietilbod desentralisert til Kristiansund: førskulelærerutdanning på deltid over 4 år, 1997-2001 (ca. 35 studentar) og praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag 1999-2001, deltid (ca. 35 studentar). Eit stort praksisapparat i regionen (ca. 110 øvingslærarar i barnehagar og ca. 130 øvingslærarar i grunnskular og vidaregåande skular i Møre og Romsdal) var i 1999 knytt til ALU sine utdanningar

ALU gav i 1999 følgjande fagstudium innanfor ordinært budsjett: drama (10 vt.), forming (20 vt.), informasjonsteknologi (10 vt./20 vt.), kroppsoving (10vt./20 vt.), matematikk (10 vt./20 vt.), musikk (20 vt./40vt.), naturfag (10 vt. 20 vt.), pedagogikk grunnfag (20 t.), spesialpedagogikk 1. avdeling (10 vt.), spesialpedagogikk hovudfag og pedagogisk arbeid på

småskulesteget (10 vt.). I 1999 kunne vi for første gong tilby spesialpedagogikk hovudfag i samarbeid med NTNU (13 studentar), ei svært viktig satsing for høgskulen. ALU starta h-99 også nytt studium i informasjonsteknologi (IKT) årseining h-99 (25 studentar) som straks viste seg å gi god rekruttering.

Samla sett gjennomførte ALU i 1999 mange tiltak og omstillingar for å sikre avdelinga og høgskulen sitt måtal. Då avdelinga i mai 1999 såg at søkjartendensen, spesielt i FU og AU, var negativ, planla avdelinga straktiltak med auka opptak innanfor fem fagtilbod (PPU årstudium, kroppsoving årseining, ped. arbeid på småskulesteget 10vt., spesialpedagogikk 10 vt. og musikk årseining). I tillegg sette avdelinga i gang 3-årig FU på deltid i Volda, med undervisning lagd over 4 år (1999-2003). I 1999 låg studenttalet på 1.005 h.ekv. (måltal 975).

Etter- og vidareutdanning

Høgskulen hadde i 1999 fleire desentraliserte, avgiftsfinansierte studietilbod regionen, spesielt innan PPU, pedagogisk arbeid på småskulesteget og spesialpedagogikk. Mellom anna gav avdelinga praktisk-pedagogisk utdanning i samarbeid med Folkeuniversitetet i Møre og Romsdal lokalisert til Ålesund. I samarbeid med AV-senteret i Volda, heldt ALU fram med å tilby informasjonsteknologi I og II (10+10) over Internett og med studentar over heile landet.

Avdelinga vidareførte etterutdanningsverksemda for lærarar i grunnskulen i samband med innføring av L97. Alle kommunar i Møre og Romsdal hadde frå hausten 97 til og med våren 2000 fått fagspesifikke kurs i dei fleste skulefaga arrangert av ALU og KEV-kontoret v/HVO.

Internasjonalisering

Gjennom NORDPLUS hadde lærerutdanningane i Volda samarbeid med Högskolan i Kalmar (Sverige) og Holbæk Seminarium (Danmark). Kontakta galt lærarvitjingar og studentutvekslingar begge vegar. Vi vidareførte kontakta med Washington College i USA med både lærar- og studentutveksling - og legg opp til å utvide det internasjonale engasjementet.

Sjølv om det i 1999 var vanskar med opptaket til førskulelærerutdanninga, klarte ALU å oppretthalde studenttalet gjennom fleire tenlege omstillingar. Politiske signal viser at lærerutdanningane er blant dei studietilboda som vidare skal prioriterast. Den tidlegare gode søkinga til lærerutdanningane i Volda har snudd dei siste åra, men med stor underdekking av lærarar i landet, er det likevel liten tvil om at lærerutdanninga vil vere prioritert på politisk hald i lang framtid.



Avdeling for mediefag

Undervisning og studentar

Avdelinga gir tilbod om to-årige, yrkesretta utdanningar i journalistikk, informasjon og animasjonsfilm. I tillegg har vi eitt-årig påbyggingsstudium i fjernsynsreportasje og dokumentar og gir desentraliserte tilbod i mediekunnskap. Hausten 1999 kom hovudfagssamarbeidet med Institutt for kunst og medievitenskap ved NTNU i gang med to studentar frå NTNU i eit kvalifiseringsopplegg. Vi arbeider med å profilere alle yrkesutdanningane i forhold til ei felles, overordna målsetting der oppgåvene til media for og i eit demokratisk samfunnssystem er det sentrale.

Avdelinga har studietilbod som får mange søkjarar med gode kvalifikasjonar. Det krevst høge poengsummar og avdelinga er godt nøgd med kvaliteten på studentane. Hausten 1999 var det om lag 220 studentar og 22 tilsette/engasjerte i heil- eller deltidstilling ved avdelinga. I tillegg har vi 4 doktorgradsstipendiatar, 2 av desse er finansierte av UiB.

Den praktiske undervisninga for alle utdanningane er nå samla i Strømhuset. Journalistutdanninga har her fått ein moderne, felles nyhetsdesk for avis, radio, fjernsyn og nettpublisering. Vi har skifta ut heile pc-parken for journalistisk og informasjonsfagleg arbeid, bygd nytt radiostudio og nye videoredigeringsrom, installert eit avansert redigerings- og avviklingssystem for fjernsyn og nytt redigeringsystem for animasjonsutdanninga.

Forskning og fagutvikling

Avdelinga har valt anvendt forskning som profil på forskningsaktiviteten. Fleire knutepunktrelaterte forskningsprosjekt er i arbeid, også med ekstern finansiering. Av tiltaka som er gjennomførte i 1999, vil avdelinga særskilt peike på:

Forsknings- og utviklingsarbeid ved HVO:

Informasjon : noen sentrale begreper av Bjørg Nedregotten, Øystein Sande og Erling Sivertsen.

Aviser på nymorsk : ein førebels rapport av Øystein Sande.

Fagbøker:

Mediekunnskap 4 : avis av Svein Brurås på nki-forlaget



Kapittel til fagbøker, artiklar til tidsskrift og aviser
Bjarte Alme: *Tøtusenårsstaden, Jåleri med ord og Fregattar i knipe*, 3 kronikkar i Sunnmørsposten.

Sverre Liestøl: *Innføring i lydteknikk*, revisjon av kompendium

Erling Sivertsen: *Poseringspolitikere og Maktens symbolske ansikt*, 2 kronikkar publiserte på internettet.

Gunnar Strøm: *Det gjaldt å ha ideer : jo originalere, jo bedre* i *Filmeventyret begynner : av og om film-pioneren Ottar Gladvet. Caricatures, cartoons and advertisements : the pioneers of Nordic animated film* i *Nordic explorations : film before 1930. Desider Gross and Gapsacolor in a Norwegian perspective, part 2* som paper til Society for Animation Studies Conference.

Jon Peder Vestad: *Klassikaren : Rolv Mikkel Blakar : Språk er makt* i Norsk Medietidsskrift 1/99. *Liv og død i ordforrådet i Vågå* i *Austlandsmål i endring*, Samlaget. *Språk og identitet i finlands-svensk litteratur sett frå ein nymorsk synsstad* i Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet. *Om å meine noko*, kronikk i Dagbladet. Vidare: Språkspalte i Inforum 2-5 og omfattende produksjon på nett-staden «Vestads Vevstad».

Nils Øy: Det norske bidraget i World Press Freedom Review 1999.

Tilsette ved avdelinga har delteke på to nordiske/internasjonale konferansar, Nordisk medieforskarkonferanse i Sverige (3 deltakarar, 2 papers) og Animation Studies Conference i Australia (1 deltakar, 1 paper).

Knutepunkttiltak

Høgskulen i Volda har knutepunktfunksjon i mediefag med særleg ansvar for radio- og fjernsynsjournalistikk. Dette er resultatet av ei bevisst satsing frå høgskulen si side for å profilere tilbodet ved HVO i forhold til dei andre utdanningsinstitusjonane i Noreg som har tilbod i mediefag. Knutepunktfunksjonen var i 1999 gjennom ei omfattande evaluering i regi av norgesnettrådet.

Som særlege tiltak i 1999 kan avdelinga peike på:

- Forskarkurs i medieetikk, i samarbeid med Forskningsrådets etikk-program, NRK og Rådet for anvendt medieforskning.
- Deltaking i norsk journalistlærarkonferanse på Lunner.
- Volda Filmfestival (dokumentarfilm), i samarbeid med studentane ved høgskulen.

Formidling og samfunnskontakt

Tilsette i avdelinga har oppdrag også ved andre høgskular og universitet, i tillegg kjem deltaking i seminar og opplegg knytte til mediebransjen. Gunnar Strøm har til dømes hatt innleiing om rekruttering i europeisk animasjon ved animasjonsmarknaden i Annecy, halde foredrag på Aust-Europa-seminar ved NTNU, leia fagseminar for norske filmkritikarar og halde semi-

nar om animasjonsfilm i skulen for Møre og Romsdal fylkeskommune i lag med Reidulf Botn.

Fagleg leiar i avdelinga, Ketil Jarl Halse, har vore medlem i Kringkastingsrådet og leiar i Rådet for anvendt medieforskning, og har på denne måten vore med på å gi aktive innspill i aktuell, norsk mediepolitikk og medieforskning.

Avdelinga har god kontakt med bransje- og produksjonsmiljøa innan våre område i Noreg. Effektive praksisordningar og mange samarbeidsprosjekt/oppdrag med næringsliv og offentleg verksemd skaper tovegskontakt som gir god nytte for alle partar.

Reidulf Botn, Sverre Liestøl og Jan Ytrehorn har produsert informasjonsvideo om Volda kommune og redigert video om det gamle Ørsta. Studentar ved informasjonsutdanninga tek på seg oppgåver med utgreiingar og presentasjonar for organisasjonar og offentlege institusjonar. Som eksempel på dette kan ein nemne brosjyrer for Volda og Ørsta Reinhaldsverk og Næringslivskontoret i Volda, informasjonsplanar for Volda kommune/helsestasjon for ungdom og Ivar Aasen-tunet.

Ved journalistutdanninga vert det kvar vår og haust produsert avis, radio og fjernsyn for lokalsamfunnet. Ein eigen versjon av avisa ligg på internettet. Nokre av innslaga som vert produserte som øvingsproduksjonar ved høgskulen, vert og distribuerte av nasjonale kringkastingsselskap.

Satsingsområde

For å styrke den teoretiske basisen for avdelinga vil avdelinga framleis satse på å etablere grunnfagutdanning i medievitenskap basert på 5v-einingar. Det er og eit mål å harmonisere eksisterande tilbod i eit modulsystem og å utvikle nye tilbod på område der avdelinga har god kompetanse. Dei mest aktuelle områda er tilbod i medieetikk, jus og filmhistorie.

Arbeidet med å konvertere frå analog til digital teknologi i det praktiske øvingsarbeidet vil halde fram. Ei auka satsing på internettet som publiseringskanal for fleire av avdelinga sine produksjonar er ein naturleg konsekvens av dette. Dei internasjonale endringane i media med auka konvergens er eit bakteppe for denne satsinga.

Internasjonalisering

Det organiserte, internasjonale samarbeidet har først og fremst vore nytt til arbeidet i Den nordiske samarbeidskomiteen for journalistutdanning. Samarbeidsavtalen med Department of Mass Communication & Journalism ved Mangalore University i India held fram, men i eit noko mindre omfang enn tidlegare grunna økonomiske tilhøve. Eivind Rønnestad frå avdelinga har førebudd eit undervisningsopplegg for regional produksjon av fjernsynsnyheiter i India, men det har ikkje vore studentutveksling.

Avdeling for samfunnsfag

Avdeling for samfunnsfag (ASF) tilbyr høgre utdanning innanfor kommunalfag, kristendomskunnskap og kyrkjefag, og sosialfag.

Studentar og undervisning

Studia ved ASF varer frå 1 til 5 år, og dei fleste utdanningane er retta inn mot administrativt arbeid innan offentlig forvaltning. Dette gjeld m.a. kommunalkandidat, kyrkjeverje-, barnevernspedagog- og sosionomutdanning. Høgskulen i Volda fekk i 1999 som den einaste høgskulen i landet godkjenning frå departementet til å tilby eit mastergradstudium i samfunnsplanlegging (førebels som ei prøveordning). Dette er ei to-årig yrkesretta vidareutdanning for folk med minimum tre år høgare utdanning. Studiet er på 40 vektal og er samansett av fire ti-vektalsmodular. Avdelinga er i tillegg engasjert i ei rekkje etter- og vidareutdannings-tilbod. Dette gjeld t.d. kombinerte trygdestudium, vidareutdanning i rusproblematikk og i barne- og ungdomsvern, forvaltningsrett på Internett m.m.

Studentmålalet for Avdeling for samfunnsfag er 578 (1999). Sosialfag og kommunalfag oppfylte målalet, medan kristendomskunnskap og kyrkjefag fekk tilslag noko i underkant av målalet. Kandidatproduksjonen i 1999 var også god. Avdelinga uteksaminerte t.d. 52

barnevernspedagogar, 50 sosionomar, 16 kommunale planleggjarar og 6 kateketar.

Nye studietilbod

Det er i løpet av året sett i gang fleire nye aktivitetar. Dette gjeld t. d. fjernundervisningskurs for kristendomslærarar, regionale kurs for lærarar i høve LR 97, kurseiningar i barn sine interesser i kommunal planlegging, kyrkje- og arbeidsrett, rusproblematikk og forvaltningsrett på Internett for å nemne noko. I tillegg er det starta opp kombinert studieopplegg for første året i kommunalfagsutdanninga i Kristiansund.

Studiekvalitetsarbeid

Studiekvalitetsnemnda ved avdelinga har ikkje kome i gang med arbeidet sitt. To av institutta har oppretta egne fagutval/-grupper (KPA og KKF) som skal fokusere på studiekvalitet. Det har ikkje vore aktivitet i alle desse utvala. Det tredje instituttet (SOS) har evalueringsseminar kvart semester. Det er berre nokre få av dei enkelte kursa ved avdelinga som vert evaluert skriftleg.

Forskning og fagleg utvikling

Ein del tilsette ved avdelinga har arbeidd med fleire større forskings og fagutviklingsprosjekt i 1999, og avdelinga kan syne til ein stor produksjon av skrifteleg materiale i form av artiklar

i tidsskrift, lærebøker, bidrag til lærebøker og førelingar i inn og utland.

Vitskaplege publikasjonar

Kategori	1997	1998	1999
Tidsskriftartiklar, bidrag bøker:	45	19	39
Bøker /rapportar utgjevne på forlag:	6	2	3
Avslutta arbeid som ikkje er utgjevne på forlag:	28	29	14
Konferansebidrag:	58	34	32

Avdeling for samfunnsfag har 34 faglege stillingsheimlar og 2 bistillingar.

Dei siste åra har vore prega av sterk kompetanseoppbygging blant fagpersonalet. Fleire av medarbeidarane er inne i doktorgradsprogram, eller andre kompetansegevande løp. Det er tilsett fast i professorat, i tillegg er det tilsett professor i bistilling, ein medarbeidar har oppnådd professorkompetanse, og 1 doktorgrad er avslutta i 1999.

Mastergrad i samfunnsplanlegging - 40 vektal vidareutdanning

Høgskulen i Volda har som den einaste høgskulen i landet fått godkjenning frå departementet til å tilby eit mastergradstudium i samfunnsplanlegging (førebels som ei prøveordning).

Dette er ei toårig yrkesretta vidareutdanning for folk med minimum tre år høgare utdanning. Studiet passar godt for dei som ønskjer eit djupare teoretisk fundament og ei meir kritisk forståing av metodar for utøving av plan- og utviklingsarbeid i samfunn og organisasjonar. Studiet kan takast på heiltid eller deltid.

Studiet er på 40 vektal og er samansett av fire tvektalsmodular. To av modulane er obligatoriske og to er valfrie. Dei to obligatoriske modulane skal til saman gi eit kjernepensum i samfunnsplanlegging med vekt på lokalt, kommunalt og regionalt plan- og utviklingsarbeid. Det er opp til den einskilde å avgjere kor lang tid ein vil bruke på å fullføre mastergraden i samfunnsplanlegging. Undervisninga i kvar av modulane som blir gitt av Høgskulen i Volda, er som regel konsentrert til fem - seks vekesamlingar fordelt på haust- og vårsemesteret. Dette gjer at studiet kan takast på heiltid- eller deltid.



Undervisning og opptak

Søkninga til høgskulen viste nedgang i 1999 samanlikna med tidlegare år, men var framleis god på mediefaga og ein del andre tilbod.

Opptaks- og studenttal

HVO hadde sakshandsamar- og opptaksansvar for 2220 søkjarar i det nasjonale opptaket (SO).

HVO lyste ut 28 studietilbod gjennom SO, og 45 tilbod med lokalt opptak. Det melde seg i alt 13078 søkjarar. Av desse var 10713 søkjarar til dei 966 ledige plassane høgskulen lyste ut gjennom SO, 1860 søkjarar til tilbod med lokalt opptak og 505 søkjarar til etter- og vidareutdanningstilbod gjennom Kontoret for etter- og vidareutdanning (KEV).

Det vart teke opp i alt 1629 nye studentar hausten 1999: 1070 kvinner og 559 menn.

Studentane fordelte seg med med 590 på profesjonsutdanningane, 1039 på årseiningane/grunnfaga og på examen philosophicum, mellom-/storfag/fag- og vidareutdanningar.

Totalt var det registrert 2480 studentar ved HVO hausten 1999, av desse var 1752 kvinner. Tilsvarande tal for våren 1999 var 2104 studentar og av dei 1516 kvinner.

Profesjonsutdanningane

Ved dei 12 fleirårige profesjonsutdanningane vart det registrert til saman 1430 studentar våren 1999, og talet auka til 1452 hausten 1999.

Hausten 1999 vart opptakstala utvida utover måltala på fleire utdanningar: Barnevernspedagog- og sosionomutdanningane vart auka med høvesvis 16 og 19 plassar. Journalist- og informasjonutdanningane vart auka med til saman 10 plassar.

HVO merka den nasjonale svikten i søkning til lærarutdanningane, og studenttalet ved førskule- og allmennlærarutdanninga gjekk noko ned. Ved dei to utdanningane vart det registrert til saman 224 studentar mot normalt 231.

Årsstudia, mellomfaga og storfaga

Ved dei 14 årseiningane/årsstudia/grunnfaga vart det hausten 1999 registrert 433 studentar. Fleire av studia hadde studenttal godt under måltala for opptaket. Dette vart delvis kompensert ved deltidstilbod/desentraliserte tilbod og ved overopptak på andre studium. Dei fire mellomfaga i pedagogikk, kristendom, historie og norsk hadde nokolunde samsvar mellom måltal og registrerte studentar. Dei to storfaga i norsk og historie har opptak/studentar i vårhalvåret, og våren 1999 var det godt samsvar mellom måltal og registrerte studentar.

Nye studium

Hausten 1999 var det sett i gang mastergradsstudium i samfunnsplanlegging som ei prøveordning - godkjent av KUF 20. mai 1999. Studiet er bygt opp av modular på 10 vektal, og hausten 1999 vart det registrert til saman 51 studentar på tre modular.

Våren 1999 godkjende KUF påbyggingsstudium/mellomfag i friluftsliv (20vektal), men godkjenninga kom for seint til at tilbodet kunne lysast ut for studieåret 1999-2000.

KUF har i 1999 også godkjent Examen philosophicum og Examen facultatum, og Friluftsliv andre 10-vekttalseining.

Som ei forsøksordning, fekk HVO hausten 1999 løyve til å gjere opptak med grunnlag i realkompetanse til førskulelærarutdanning på deltid (over 4 år).

Forvaltningsrett (5vektal) var nytt tilbod frå hausten 1999 - studiet har vore nettbasert og har hatt god søkning. Tilsvarande har EDB i historiefaget vore nytt nettbasert tilbod i same perioden.

I tillegg har HVO på nytt sett i gang tilbod om mediekunnskap årseining for lærarar som heiltdsstudium i Volda. Dette har dei siste åra vore avgrensa til fjernundervisningstilbod i samarbeid med Folkets brevskole.

Hausten 1999 har HVO utvida samarbeidet med NTNU om hovudfag i spesialpedagogikk. Det vart tatt opp til saman 13 studentar til tilbodet som er fullstendig desentralisert til Volda.

Desentraliserte tilbod i Kristiansund

Sidan tidleg på 1990-talet har HVO hatt desentraliserte tilbod i Kristiansund, og ein fagperson har arbeidsplassen sin der. I 1999 har høgskulen hatt i gang tre fleirårige tilbod i Kristiansund:

3-årig førskulelærarutdanning på deltid - over fire år (1997 - 2001) med 34 studentar i 1999.

1-årig praktisk pedagogisk utdanning (yrkesfag) som deltidstilbod over 2 år (1997-99) med 41 studentar, og (1999-2001) med 44 studentar.

Samfunnskunnskap årsstudium over 2 år (1999-2001) har hatt 15 studentar. Samfunnskunnskap er første året i ei 2- eller 3-årig utdanning, og det kan bli aktuelt å tilby fleire delar av studiet om det blir nok studentar.

Dei tre nemnde studia er gratis. I tillegg har HVO hatt følgjande betalingsstudium:

Pedagogisk arbeid på småskulesteget, andre 10 vektal på deltid over 1 år (1999-2000) med 20 studentar.

For andre avgiftsfinansierte tilbod viser vi til omtalen av Kontoret for etter- og vidareutdanning.

Fjernundervisning

I samarbeid med Folkets brevskole er HVO fagleg ansvarleg for fjernundervisning i Mediekunnskap første og andre 10-vekttalseining som er eit landsdekkande tilbod. HVO har dessutan samarbeidd med AV-senteret i Volda om fjernundervisning i informatikk første og andre 10-vekttalseining. Studiet er internettbasert og har nasjonal rekruttering. EDB i historiefaget (5 vektal) og Forvaltningsrett (5vektal) har vore nye nettbaserte tilbod dette studieåret.

Eksamen

I 1999 vart det uteksaminert 966 kandidatar medrekna examen philosophicum og fag- og vidareutdanningar. Av desse var 466 kandidatar frå profesjonsutdanningane (medrekna PPU) og 389 kandidatar frå årseiningar/årsstudium, halvårseiningar/mellomfag og storfag, og 524 kandidatar frå avgiftsfinansiererte studium.

Samla studieaktivitet

Tala viser at HVO i 1999 hadde ansvar for opptak, registrering, eksamen, karakterar og vitnemål for til saman 3090 studentar/personar.



Etter- og vidareutdanning

Høgskulen sin etter- og vidareutdanningsaktivitet har i 1999 hatt eit liknande tilbodsomfang som i 1998, og den har stort sett omfatta vidareføring av tiltak frå 1998. Rekneskapa viste ein omsettingsauke på om lag 10 %.

Etterutdanning/kursverksemd

Det er særleg grunn til å trekkje fram at HVO har halde fram med kursverksemda rundt om i Møre og Romsdal knytt til etterutdanning av lærarar i samband med REFORM 97. I vår- og haustsemesteret har det til saman vore gjennomført 30 fagspesifikke kurs i fagområda engelsk, heimkunnskap, KRL, kroppsøving, kunst og handverk, matematikk, musikk, natur og miljøfag, norsk, praktisk prosjektarbeid og samfunnsfag. 29 av HVO sine fagtilsette har vore involverte som fagleg ansvarlege og kurshaldarar.

Statens utdanningskontor skriv i sin tilstandsrapport til KUF for 1999-2000 at Høgskulen i Volda har gjort ein stor innsats i samband med etterutdanning av lærarar i Reform 97. Dette har også ført til høgskulen har fått meir kontakt med og kjennskap til grunnskulane i fylket, noko som er eit godt grunnlag for vidare arbeid sikta inn mot rettleiing og støtte til skular og kommunar.

Nytt for hausthalvåret var tilbodet om reine nettbaserte L97-kurs, i samarbeid med AV-senteret AS. Fagmiljøa i KRL, kroppsøving, matematikk og norsk har hatt ansvar for kvart sitt kurs, med tilrettelegging av førelesingar og rettleiing via Internett.

I tillegg har HVO hatt ein del førespurnader frå ulike oppdragsgjevarar om å bistå med kompetanse til organiserte kursdagar eller konferansar.

KEV har, på grunnlag av tilbakemeldingar frå dei fagtilsette, rapportert til KUF om ein etterutdanningsaktivitet på 1020 kurstimar, med til saman 1761 deltakarar.

Tilboda

Vidareutdanning/vektalsgjevande studietilbod HVO har gjennomført mange vidareutdanningstilbod, organiserte som deltidsstudium, desentraliserte eller fleksibelt tilrettelagt over Internett eller som kombinerte studium:

Kombinerte trygdestudier, 5 x 5 vt (framhald av eit oppdrag frå Rikstrygdeverket)

Leiing for offentleg tilsette, 10 vt (lagt ned frå 01.08.99)

Regioplan, 10 vt

Vidareutdanning i rus- og avhengigheitsproblematikk del 1, 10 vt

Mediekunnskap 1 og 2, 10 + 10 vt (i samarbeid med Folkets brevkole)

Arbeidslivkunnskap (DIAS), 10 vt (oppdrag frå samorganiserte kommunar)

Friluftsliv 10 vt

IT for lærarar 1 og 2, 10 + 10 vt (i samarbeid med AV-senteret AS)

Pedagogisk arbeid på småskulesteget 1 og 2, 10 + 10 vt

Praktisk pedagogisk utdanning, 20 vt (i samarbeid med Folkeuniversitetet)

Skiutdanning på sommarsnø, 10 vt

Sosialpedagogikk, 10 vt (i samarbeid med Folkeuniversitetet)

Spesialpedagogikk 1. avd., 10 vt

Spesialpedagogikk 2. avd., 20 vt (i samarbeid med Folkeuniversitetet)

Forvaltningsrett, 5 vt (i samarbeid med AV-senteret AS)

KEV har rapportert til KUF at talet på uteksaminerte kandidatar er 524. Korrigert for høgskulen sin eigendel, vart dette godskrive som 71,52 heiltidsstudentar.

Rekneskapa

Rekneskapsmessig er verksemda delt i to:

1. Ordinær verksemd knytt til EV-tilbod som er finansierte ved studieavgifter/kursavgifter innbetalt frå einskildstudentar/einskild-deltakarar eller oppdrag frå private og offentlege institusjonar dersom oppdraga er små eller knytt til fleire oppdragsgivarar.

2. Oppdragsverksemd heimla i oppdragsreglementet, større oppdrag frå ein oppdragsgivar.

Rekneskapa

Årsrekneskapa for 1999 knytt til vanleg budsjettert verksemd, med samanliknande tal for 1998:

	1999	1998
Bruttobudsjett	2674000	2475000
Overhead	562000	369000

Rekneskapskala frå oppdragsverksemda, med samanliknande tal for 1998:

	1999	1998
Inntekter/utgifter	858000	763000
Overhead	175200	56175

Samla, med samanliknande tal for 1998:

	1999	1998
Inntekter/utgifter	3532000	3238000
Overhead	737000	425000

I tillegg har EV-verksemda generert 71,5 heiltidsekvivalentar, som saman med den ordinære verksemda er eit naudsynt bidrag.

Samarbeid

KEV har hatt ansvar for kontakt med eksterne miljø om ulike typar samarbeid innan etter- og vidareutdanning. Følgjande samarbeidspartnarar har vore aktuelle:

AV-senteret i Volda

BI Kristiansund

Folkeuniversitetet i Møre og Romsdal

Folkets Brevskole Fjernundervisning

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Familie- og sosialavdelinga

Høgskulane i ODEL-nettverket

Høgskulane i Lillehammer, Agder og Bodø/Rikstrygdeverket

Kommunane i Møre og Romsdal

Midt-Norsk kompetansesenter for rusfaget

Senter for entreprenørskap i Sande kommune

Sentralorganet for fjernundervisning (SOFF)

Statens lærerkurs

Statens Utdanningskontor i Møre og Romsdal

Ulsteinkonsernet/NHO i Møre og Romsdal

Referansegruppe for etter- og vidareutdanning

Som oppfølging av styrevedak 17/98 vart det etablert ei referansegruppe for etter- og vidareutdanning, der rektor, direktør, studiesjef, dei fire dekanane og to brukarrepresentantar skulle utgjere gruppa. Brukarrepresentantane som kom med i gruppa var nestleiar i NHO Møre og Romsdal, Sverre Devold og rådmann Jan Petter Eide frå KS i Møre og Romsdal.

Gruppa har hatt tre møte. På bakgrunn av oppsummeringar frå gruppa sine diskusjonar, vart det utpå hausten lagt fram eit notat om strategiar for HVO si etter- og vidareutdanningsverksemd. Notatet var tenkt som eit innspel til styret og den overordna strategidebatten i organisasjonen.

Gruppa ser for seg fem hovudstrategiar for arbeidet med etter- og vidareutdanning ved HVO:

- Auke kontakten med viktige brukargrupper
- Auke satsinga på profileringsarbeid
- Evaluere aktiviteten knytt til nettbaserte tilbod og tenester
- Auke oppdragsverksemda
- Arbeide meir med motivasjon og rammevilkår for EVU-aktivitet internt



Biblioteket i Berte Kanutte-huset inneheld nå alle samlingane frå dei tidlegare bibliotek-avdelingane, lett tilgjengelege og stort sett lette å finne fram i, eit bra utval dataterminalar for brukarane, og eit breitt utval ulike slags arbeidsplassar for publikum, også ein del gruppearbeidsplassar - som det aldri vil bli nok av. I alt ca 260 arbeidsplassar. Det har også nå eit lite kursrom til bruk for mindre kurs og orienteringar. I store trekk fungerer det nye biblioteket svært godt, og får god omtale frå brukarane. Det kjem også mange på besøk, og det får samrøystes ros. Det har kome ein del kommentarar om støynivået: Sameleis som ute i kantina og korridoren er det mykje romklang i biblioteket, og vanleg tale - som vi oppmuntrar til - kan verte noko høgrøysta. Dette har ikkje forandra seg i 1999.

Brukaropplæring

Biblioteket har lenge ønskt å gje ei betre innføring for brukarane i dei viktigaste arbeidsreiskapane i biblioteket. Det nye biblioteket, den nye organisasjonen og kursrommet har gjort det mogeleg å gå eit steg vidare med dette. Biblioteket tilbyr opne kurs for studentar og tilsette i ulike slag litteratursøk Oppslutninga har variert, men i det store og heile vonar biblioteket at oppslutninga om desse korte kursa vert betre enn dei har vore til nå. For nye tilbod innan elektronisk tilgjengeleg informasjon kjenner biblioteket eit særleg ansvar

Ingen utkant

Biblioteket gjer stadig eit utval av dei mest lovande digitale informasjonsressursane, og legg dei til rettes på heimesidene. (Det betaler også abonnementa, som det blir mykje pengar av.) Med desse hjelpemidla har situasjonen forandra seg heilt for ein utdanningsinstitusjon som vår: Det er ingen utkant lenger; spørsmålet er kva slags samla ressursar ein har - trykt og elektronisk - og korleis ein bruker dei.

Det er ei stor utfordring for bibliotekpersonalet å undersøke desse kjeldene, setje seg inn i dei og rettleie brukarane i måten å nytte dei på. Det er viktig for høgskulen å få innarbeidd dei nye hjelpemidla i brukarane sine arbeidsvanar, både studentane og dei tilsette. På vevsidene har biblioteket gjort eit stort utval av kjelder lett tilgjengelege, og har dessutan lagt ut mykje rettleiing og hjelp til søking og sjølvstudium. Bibliotekpersonalet har dessutan halde mykje kurs og gitt individuell rettleiing. Utan at høgskulen utnyttar desse ressursane, har han ikkje hausta fordelane av det internasjonale informasjonstilbodet som biblioteket har lagt til rette og betalt for.

Bibliotekdrift

Tendensen til nå har vore at trafikken aukar litt kvart år, med ein liten nedgang i 1998, då

biblioteket var stengt under flyttinga. Her nokre tal frå trafikken:

	1997	1998	1999
Lokalt utlån	36000	35788	36951
Fjernlån ut	2800	2719	3879
Utlån i alt	38700	38500	40830
Innlån	3507	3193	3023

I fjernlånet ytte vi i 1999 for første gong meir til det nasjonale lånefellesskapet enn vi tok mot frå det. At innlånet har minka litt tre år på rad, kan vere tilfeldig. Det kan også kome av at dei store doktorgradsprogramma er fullførte. Eit par andre tal utdregne av denne statistikken: Innlånet utgjorde 7,4 % av dei låna vi skaffa lånarane; 92,6% var frå våre egne samlingar. Dette liknar på det dei fleste høgskulebiblioteka har. Til samanlikning viser tala for universitetsbibliotek og vitskapelege høgskular at deira innlån utgjer 13% av utlånet (98-tal). Det kan vere fleire grunnar til dette, men ei slutning er tydeleg: Der er ikkje slik at høgskulebiblioteka har dårleg eigendekning, og difor er ei særleg belastning på universitetsbiblioteka. Dette har vore ein vedvarande myte på universiteta sidan DH-skulane vart igangsette.

Korleis er bruken av biblioteket?

Vi har somme tal for dette. I skuleåret 1999-2000 var det om lag 70% av dei vanlege, residente studentane som i det heile lånte noko i biblioteket. Desse studentane var til gjengjeld ganske tunge brukarar: I gjennomsnitt 13 lån dette skuleåret. 30% lånte ingen ting. Men mange var i biblioteket i eitt eller anna ærend:

I 1999 var det 156149 besøk i biblioteket. Fordelt på 5,5 arbeidsdagar pr. veke blir det ca 710 pr. dag i gjennomsnitt, om ein ser bort frå ferieperiodane. På travle dagar har det vore over 1300 besøk. Den langt største delen er studentar. Dette er likevel mindre enn summen av besøka på dei tidlegare avdelingane Hans Strøm og Henrik Kaarstad. For dei tilsette har det vore ein merkbar nedgang i besøka. Avstanden mellom husa er ikkje mange hundre meter, men kanskje nok til å skape eit hinder likevel.

Forskningsdokumentasjon

Forskdok er framleis den einaste fungerande basen for forskningsdokumentasjon. Det må gjerast mykje arbeid undervegs, med å tilpasse systemet og oppmuntre dei tilsette til å rapportere. Basen vert betre utvikla steg for steg, og er det einaste fungerande nasjonale dokumentasjonssystemet. Men ennå står her att mykje utviklings- og instruksjonsarbeid, slik at forfatarane sjølve kan leggje inn i basen. Biblioteket kom ikkje i gang, som planen var, med registreringa av prosjekt og annan forskningsaktivitet som det ennå ikkje har utfelt seg trykte publikasjonar av. Dette er ei viktig oppgåve både

for den interne informasjonen ved HVO og den eksterne. I ein permisjonsperiode utførte ein av avdelingsbibliotekarane registreringsarbeidet.

Personale

Biblioteket har godt kvalifisert, stabilt personale. I 1999 var det to lange permisjonar, og to stillingar stod ubemanna ved årsskiftet 1999/2000


Trykt, elektronisk og økonomisk

Dei nye elektroniske hjelpemidla set biblioteket og kvar brukar i ein ny situasjon. Dei gjer det mogeleg å fylgje med i den internasjonale tidsskriftlitteraturen endå om biblioteket berre kan abonnere på eit lite utval publikasjonar. Samtidig vert det svært merkbar at online-tenester er dyre; kvar ny avtale tar eit jafs av budsjettet. I berre liten grad er det slik at dei digitale hjelpemidla erstattar dei trykte. Dei skaper ein ny dimensjon i informasjonsforsyninga, men kostnaden kjem stort sett i tillegg til dei kostnadene vi hadde før, med papirmedia.

Dette blir understreka av høgskulen sitt engasjement i desentralisert undervisning. Der er eit godt oppbygd digitalt ressursnett avgjerande, samtidig som det trengst bibliotektenester av tradisjonelt slag.

I budsjettet avspeglar dette seg lite. Resultatet må bli at biblioteket må skjere i utgiftene til trykt litteratur: bøker og tidsskrift. Når nå biblioteket har skaffa dei elektroniske hjelpemidla, må brukarane vere budde på at dei må greie seg utan dei trykte utgåvene i ein del tilfelle.

Ein annan effekt av elektronikken, som vi ikkje var budde på: Når det blir vanlegare at biblioteka abonnerer berre på elektroniske utgåver av tidsskrift, blir det vanskelegare å få tak i kopiar for andre bibliotek. Jusen er strengare innafor den digitale verda enn for trykt materiale. Dersom dette får utvikle seg, får vi den paradoksale situasjonen at den teknologiske utviklinga hindrar informasjonsstraumen.



Kommentarar til rekneskapan

Høgskulen i Volda fekk tildelt ei netto ramme til ordinær drift på vel 129,9 millionar kroner og høgskulen fekk midlar til stipendiatstillingar over fellesskapitlet for universitet og høgskular på kr 791 500. I tillegg fekk vi overført midlar som vi sparte inn frå 1998 på kr 2 540 000. I tillegg fekk vi ei løyving til større investeringar på vel 2,6 millionar kroner. Inkludert overføringane frå 1998 var dei statlege overføringane 133,2 millionar kroner til driftsbudsjettet og 7 millionar kroner til investeringar og ombyggingar. Tabellen under syner også at av ei total driftsramme på 152,2 millionar kroner, har vi skaffa inntekter på 12 millionar frå andre kjelder.

Kjelde

Kvar midlane kom frå i 1999

	Samanlikning frå 1998			
Nettoløyvingar frå KUF til ordinær verksemd	129.901	85,3 %	121.942	80,2 %
Spesielle løyvingar over kap 0281	792	0,5 %	788	0,5 %
Løyvingar frå Statens lærarkurs		0,0 %	170	0,1 %
Overføringar frå føregåande år til ordinær verksemd	2.540	1,7 %	3.190	2,1 %
Løyvingar frå KUF til investeringar og ombyggingar	2.643	1,7 %	15.217	10,0 %
Overføringar frå føregåande år til investeringar og ombyggingar	4.376	2,9 %	2.092	1,4 %
Inntekter til ordinær drift	8.483	5,6 %	6.380	4,2 %
Inntekter frå oppdragsverksemda, overført frå interimskontoar	3.541	2,3 %	2.274	1,5 %
SUM	152.276	100,0 %	152.053	100 %

Bruk

Slik vart midlane nytta i 1999

	Samanlikning frå 1998			
Lønsutgifter knytte til ordinær verksemd	80.658	53,0 %	76.983	50,6 %
Varer og tenester knytte til ordinær verksemd	57.776	37,9 %	52.325	34,4 %
Stipendiatstillingar	792	0,5 %	452	0,3 %
Utgifter knytte til Statens lærarkurs		0,0 %	170	0,1 %
Overføringar til neste år til ordinær verksemd	2.490	1,6 %	2.540	1,7 %
Investeringar og ombyggingar	5.868	3,9 %	12.933	8,5 %
Overføringar til neste år til investeringar og ombyggingar	1.151	0,8 %	4.376	2,9 %
Utgifter knytte til oppdragsverksemda	3.303	2,2 %	2.036	1,3 %
Tilbakeførte inntekter frå oppdragsverksemda	238	0,2 %	238	0,2 %
SUM	152.276	100,0 %	152.053	100 %

Ordinær verksemd

Det totale måltalet vårt i 1999 var 2 191 studentar, og heiltidsekvivalentar hausten 1999 er registrert til 2 184 inkludert eigenfinansierte studentekvivalentar frå verksemda for etter- og vidareutdanning. Netto ordinære løyvingar per studentekvivalent i 1999 inkludert løyving til husleige, var etter dette knapt kr 59 500. Ser vi bort frå løyvinga til husleige, fekk vi tildelt kr 47 000 per registrert studentekvivalent.

Oppdragsverksemda

Høgskulen har rekneskapsført utgifter knytte til oppdragsverksemda på 3,3 millionar kroner. Ein tilsvarende sum og ein sum til inndekking av inntektskravet frå KUF er overført frå interimskontoar frå oppdragsinntekter, til saman kr 3 541 000. Dette er ein auke på kr 1 267 000 frå året før.

Store nyinnkjøp (post 45)

I 1997 og 1998 fekk vi midlar som ekstraløyving til inventar og utstyr i nybygget på til saman 15,5 millionar kroner. I 1999 fekk vi ingen ekstraløyving. Samla ramme til denne posten i 1999 var 7,019 millionar kroner, 2,643 som opprinnleg tildeling og 4,376 som overføring frå 1998.

Samla rekneskapsoppstilling

Tabellen på neste side viser rekneskapsstala for 1999 delt på driftspostar og med høve til å sjå på utviklinga frå og med 1997.

Denne tabellen gir også eit oversyn over korleis dei ordinære driftsutgiftene fordeler seg på dei ulike driftspostane. Av totale driftsutgifter til varer og tenester på 57,8 millionar har 32,7 millionar kroner gått til drift av bygningar, av dette 27,1 millionar til husleige.

KUF		Rekneskapstal	Rekneskapstal	Rekneskapstal	Ramme frå KUF
Post	Postnemning	1997	1998	1999	1999
	<i>Utgifter ved ordinær drift (kapittel 0274 og 0281)</i>				
01.11	Organiserte stillingar, sum	51 374	55 790	58 996	
01.12	Engasjerte og ekstrahjelp	928	866	885	
01.13	Deltidsløner, sum	7 539	8 452	8 931	
01.15	Reinhaldspersonell	1 734	1 907	1 963	
01.17	Styrer, utval	46	58	77	
01.19	Vikar ved stipendpermisjon	710	746	435	
01.18	Arbeidsgjevaravg.	8 800	9 566	10 065	
	Sum ordinære lønsutgifter	71 131	77 385	81 352	
01.21	Maskiner, inventar, sum	1 858	1 401	2 456	
01.22	Forbruksmateriell	4 346	4 673	4 775	
01.23	Reiseutgifter m.m	5 115	5 920	6 149	
01.24	Kontortenester m.m.	2 720	3 018	2 986	
01.25	Konsulenttenester	1 209	600	846	
01.26	Bøker, tidsskrift og andre driftsutgifter	6 672	7 898	7 754	
01.27	Vedlikehald transportmidl.m.m.	17	24	14	
01.28	Vedlikehald bygg, anlegg	87	78	133	
01.29	Drift bygningar, lokaleige	19 395	28 933	32 760	
	Sum ordinære utgifter til varer og tenester	41 419	52 545	57 873	
	Sum brutto ordinære løns- og driftsutgifter	112 550	129 930	139 225	140 012
	<i>Inntekter ved ordinær drift (kapittel 3274)</i>				
02	Sal av materiell/refusjonar	4 256	4 074	6 520	5 380
11	Kursinntekter	1 414	1 177	1 418	1 400
15	Refusjon arbeidsmarknadstiltak	555	31		
16	Refusjon fødselspengar	341	1 098	545	
	Sum totale inntekter 1997/1997/1999/inntektskrav -99	6 566	6 380	8 483	6 780
	Sum netto ordinære løns- og driftsutgifter	105 984	123 550	130 742	133 232
	Nettoramme frå KUF	109 091	126 090	133 232	
	Overføringar til neste år frå den ordinære drifta	3 107	2 540	2 490	
	<i>Oppdragsverksemd (kapittel 0274 og 3274)</i>				
21	Sum oppdragsutgifter	1 653	2 036	3 303	
01	Sum oppdragsinntekter	1 891	2 274	3 541	
	Inntektsoverskot ved oppdragsverksemda	238	238	238	
	Pålagd tilbakeføring av oppdragsinntekter	238	238	238	238
	<i>Investeringar/ombyggingar (kap. 0274)</i>				
45	Store nyinnkjøp, investeringar/ombyggingar	4 962	12 933	5 868	7 019
	Total ramme frå KUF	7 054	17 309	7 019	
	Overføringar til neste år frå store nyinnkjøp	2 092	4 376	1 151	

Kontoplanen er endra frå og med 1.1.1998. Dette har mellom anna ført til at innhaldet i underpostane 01.25 og 01.26 er endra. Ramma inkluderer overføringar frå føregåande år, midlar til stipendiatstillingar og tildelingar frå Statens lærarkurs.

Av total bruk på **underpost 01.29**, drift av bygningar, er dette brukt til **husleige i 1999: kr 27 118 000** (1997: kr 15 479 000 og 1998: kr 23 585 000)



Høgskulen i Volda

Boks 500 6101 Volda

Tlf: 70 07 50 00 Faks: 70 07 50 51 www.hivolda.no